

Arkivnr: 2019/16536-1  
Saksbehandlar: Karl Viken  
Thorbjørn Aarethun

**Saksframlegg****Saksgang**

Utval	Saknr.	Møtedato
Fellesnemnda		18.09.2019

**Rekneskapsrapport pr. august 2019 – samanslåingskostnader****Prosjektleiaren rår fellesnemnda til å gjere slikt vedtak:**

Fellesnemnda tek tertialrapportering pr. 31. august 2019 for samanslåingskostnader for Vestland fylkeskommune til orientering.

**SAKSFRAMSTILLING****Bakgrunn for saka**

Fellesnemnda har tidlegare fastsett at det skal leggjast fram statusrapportar for kostnadane ved samanslåinga for Vestland fylkeskommune. Denne rapporten syner status pr. 31. august 2019.

**Budsjett 2019**

I sak 2019/338-1 vart budsjett for samanslåingskostnader for 2019 handsama i fellesnemnda. I denne saka vart det sett opp budsjettsummar på dei områda og for dei aktivitetane der ein har identifisert eingongskostnader grunna samanslåingsprosessen. Det vart laga eit spesifisert budsjett med ei ramme på 46 mill. kr i 2019. I tillegg vart det sett av ein budsjettreserve på 7 mill. kr til uforutsette kostnader, slik at det totale budsjettet for 2019 vart på 53 mill. kr. Korleis denne budsjetttramma er finansiert gjennom statleg tilskot og midlar frå dei to fylka vart også gjort greie for. Budsjettsaka er vedlagt denne rekneskapsrapporten.

Overføringa av administrasjon av fylkesvegar

Eit moment er at det i budsjettet ikkje vart sett opp eingongskostnader knytt til overføringa av administrasjon av fylkesvegar. Det har vore usikkerheit kring dei økonomiske verknadane av at fylkeskommunen får overført oppgåver og personell, men dette bilete er i ferd med å tydeleggjera seg. På eit område, IKT-kostnader, er det identifisert behov i storleiken 20 mill. kr. Delar av denne summen er venta å påløpe i 2019, og dette vert no teke omsyn til i prognosen for eingongskostnadane.

**Rekneskap pr. august 2019**

Tabellen under syner status for bruken av dei vedtekne budsjettmidlane til samanslåingsprosessen i 2019. Her kjem det fram at det er brukt 20,5 mill. kr pr. august 2019. Det utgjer 39 % av det totale budsjettet på 53 mill. kr. Forbruket er ein del lågare enn det påreknna skulle vore pr. august (65 %); dette dersom ein legg til grunn eit jamt forbruk gjennom 2019. Innanfor dei ulike områda det er sett av budsjettmidlar til, er det skilnader i høve til kor stor del av budsjettet som er brukt hittil i år. Det er to område der det allereie er brukt ein stor del av det budsjettet som er sett av. Desse to områda er konsulenttenester og nytt fylkesvåpen; her

er det høvesvis brukt 103 % og 78 % av årsbudsjettet etter 2/3- del av året. For dei andre områda er det ikkje brukt meir pr. august enn det budsjett pr. august skulle tilseia.

Prosjektnr	Budsjettområde	Forbruk pr. aug 2019	Budsjett 2019	Forbruk pr. aug i % av budsjett	Årsprognose	Prognose i % av budsjett
80100	Nytt fylkesvåpen	482 382	620 000	78 %	582 382	94 %
80101	Rekruttering prosj.lei./leiarar	496 620	1 569 000	32 %	1 096 620	70 %
80102	Kurs, saml., møter (pol)	741 035	1 950 000	38 %	2 241 035	115 %
80103	Kommunikasjonstiltak	678 924	1 049 000	65 %	1 478 924	141 %
80104	Konsulenttenester	4 044 755	3 920 000	103 %	5 544 755	141 %
80105	Prosjektlear	1 488 999	2 583 000	58 %	2 538 999	98 %
80106	IKT- system/ mod. og innkjøp	9 624 408	28 077 000	34 %	27 774 408	99 %
80107	Politisk verksemd/ partistøtte	1 212 500	1 732 000	70 %	1 712 500	99 %
80108	Andre tiltak	1 700 000	4 500 000	38 %	3 000 000	67 %
80109	Budsjettreserve	0	7 000 000	0 %	7 000 000	100 %
<b>Alle</b>	<b>Totalt</b>	<b>20 469 623</b>	<b>53 000 000</b>	<b>39 %</b>	<b>52 969 623</b>	<b>100 %</b>

### Årsprognose 2019

Årsprognosen tilseier at rekneskapen samla sett vil ende opp om lag på nivå med det vedtekne budsjettet for eingongskostnadar. Då vert forbruket i 2019 om lag 53 mill. kr, og det samsvarer med det totale budsjettet. Dei 7 mill. kr i budsjettreserve vert med dette også nytta: i hovudsak til nye identifiserte tiltak knyt til overføringa av SAMS- vegadministrasjon; jf. omtale av dette momentet over.

Årsprognosen inneheld vurderingar om kva kostnadar som vert ført i 2019 og kva kostnadar som vil påløpa i 2020. Dersom det vert forseinkingar så vil kostnadane ikkje kome i 2019, og ein får då positive budsjettavvik. I 2020 vil kostnadane i samanslåingsrekneskapen måtte dekkjast av den nye samanslåtte fylkeskommunen. For den resterande delen av 2019 vil det vera stram styring i høve til budsjetttrammene for dei ulike områda og tiltaka. Eit meirforbruk på eit område, eksempelvis på område for konsulenttenester, vil ein freista å balansera ved å styre mot eit budsjettmessig mindreforbruk på eit anna område.